# Oppfølgingsliste 7/2016

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|---|---|---|---|---|
| 14/15 | FR – Tryggleik og beredskap – oppfølging av vedtak i FT-sak 7/14 | 25.3 | Januar 2017 | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 10. februar 2015 frå fylkesrådmannen til orientering<br>2. Kontrollutvalet ber om orientering om status i KU-møte 25. august 2015 for oppfølging av vedtaket i FT-sak 7/14.<br>3. Kontrollutvalet ber om ny oppfølgingsrapport innan 15. januar 2016.<br>Vedtaket sendt til frm med kopi til ass frm. 26.3.2015.<br>Sjå sak 38/15 pkt. 3<br>Orientert om i KU 260116 i KU-sak 10/16.<br>Bedt om utsetting til 31.12.16 |
| 43/15 | FR – Læringsmiljø og PP-tenesta - rapport | 01.10 | April – 2016<br>September 2016 | Vedtak:<br>1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av læringsmiljøet i vidaregåande skule vert teken til etterretning<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp revisor sine tiltak i kapittel 7 i rapporten.<br>1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde status på oppfølginga, og eventuell plan for vidare oppfølging, til kontrollutvalet innan 31. mars 2016.<br>FT handsama saka 13. oktober 2015 i FT-sak 30/15. KU si tilråding vart vedteken. Vedtaket vart sendt Frm. 15. okt.<br><br>Sjå sak 23/16 |
| 5/16 | FR – Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport – oppfølging av vedtak | 26.1 | August 2017 | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av tilrådingane til vitande.<br>2. Kontrollutvalet vurderer punkt 2, 4 og 5 til å vere oppfølgde<br>3. Kontrollutvalet ber om ny rapport når dei resterande punkta, 1a – 1f er ferdig oppfølgde seinast 30. juni 2017. |
| 7/16 | FR – Fylkesarkivet – oppfølging av vedtak | 26.1 | 15. august 2016 | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av vedtak i FT-sak 3/15 til vitande.<br>2. Kontrollutvalet ber om status i arbeidet med utarbeiding av vedtekter for kommunearkivordninga og i arbeidet med nye rutinar for systematiske risikovurderingar innan 15. august 2016.<br>Vedtaket vart sendt fylkesrådmannen med kopi til fylkesarkivsjefen 01.02.2016. Påminning sendt 26.09.2016. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 11/16 | Skriv, meldingar og orienteringar 3. mars 2016 | 03.03 | | Vedtak:<br>1. Orientering frå leiar og kontrollsjef<br>a. Orientering om gjennomført tilsyn av fylkesmannen om forvaltningskompetanse Firda vidaregåande skule. Kontrollutvalet får framlagd sak når oppfølginga frå fylkeskommunen er ferdig.<br><br>*Orienteringa vart teken til vitande.* |
| 15/16 | FR – Tryggleik og beredskap – oppfølging av vedtak i FT-sak 7/14 | 03.03 | 31.12.2016 | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 19. januar 2016 og orientering i kontrollutvalet 26. januar til vitande.<br>2. Frist for oppfølging av vedtaket i FT-sak 7/14 vert sett til 31. desember 2016<br>3. Kontrollutvalet ber om ny oppfølgingsrapport innan 31. desember 2016. |
| 23/16 | FR – Læringsmiljø og PP-tenesta – oppfølging av vedtak | 12.04 | September 2016 | Vedtak:<br>1. Notat frå fylkesrådmannen – oppfølging av vedtak, vert teken til vitande<br>2. Kontrollutvalet ber om tilbakemelding om ny status for oppfølging av tilråding nr. 1 i rapporten frå Deloitte innan 1. september 2016.<br>Tilbakemelding mottatt. Sak i neste møte. |
| 31/16 | FR – Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg – rapport | 31.05 | Januar 2017 | Tilråding til FT:<br>1. Rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg vert teken til etterretning.<br>2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å:<br>a. Sikre at internkontrollsystemet til fylkeskommunen er i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (§4), og at ansvar og oppgåver i medhald av forskrifta blir tydeleggjort.<br>b. Sikre at det alltid blir fatta enkeltvedtak i samsvar med reglane i forvaltningslova, i saker der elevar eller foreldre, eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve (jf. opplæringslova. § 9a-2, 4. ledd)<br>c. Sikre at det blir etablert eit meir einsarta og formalisert |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklima.<br>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere dei øvrige anbefalingane i rapporten ut frå eit kost/nytte-perspektiv.<br>4. 4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga av forvaltningsrevisjonen og status for vidare arbeid innan utgangen av 2016.<br>Fylkestinget vedtok tilrådinga i FT-sak 12/16. Vedtaket vart sendt fylkesrådmannen med kopi til bygge- og eigedomssjef 16. juni. |
| 35/16 | Selskapskontroll 2016 – Eigarskapskontroll Fjord1 | 06.06 | November 2016 | Tilråding til fylkestinget:<br>1. Notat etter gjennomført kontroll av eigaroppfølging Fjord1 vert teke til orientering.<br>2. Fylkestinget meiner at den reelle utøvinga av eigarskap og kommunikasjon mellom fylkeskommunen, F1 Holding AS og Fjord1 AS ikkje er i samsvar med den vedtekne organiseringa, og ber fylkesutvalet vurdere om fylkesordføraren bør veljast som eigarrepresentant i F1 Holding AS.<br>3. Fylkestinget meiner at direkte påverknad av styremedlemar i Fjord1 ikkje er i samsvar med den vedtekne eigarmeldinga. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utgreie konkrete retningsliner for eigarutøving mellom generalforsamlingar, og at dette vert vurdert i samband med handsaming av eigarmeldinga.<br>4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge til rette for opplæring og styrka kompetanse for eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap.<br>5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere rutinane for handsaming av dokument og informasjon som er unnateke offentleg. Ein ber også om at det vert gjeve tilstrekkeleg opplæring til fylkespolitikarane om offentleglova og teieplikt.<br>Fylkestinget vedtok tilrådinga 14. juni 2016 i FT-sak 29/16. Vedtaket vart sendt fylkesrådmannen 17. juni. |
| 36/16 | Skriv, meldingar og orienteringar 250816 | 25.08 | | Vedtak:<br>1. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS<br>• Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune<br><br>*FR Kulturminneforvaltninga er forsinka pga vanskar med å få tak i kontaktpersonar i* |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | *samband med undersøkinga. Rapporten skal bli klar til handsaming i kontrollutvalsmøtet 22. november.* |
| 37/16 | Anbod 2016 – FR – Anbodsdokument | 25.08 | | Vedtak:<br>1. Anbodsdokumenta vert godkjent med endringar som kom fram i møtet.<br>2. Kontrollsjefen får i oppdrag å få anbodet lagt ut på DOFFIN og eventuelt andre databaser som er lovpålagde.<br><br>Etter møtet gjekk kontrollsjefen gjennom dokumenta med innkjøpssjefen og anbodspapira vart sendt til DOFFIN måndag 29. august. Skal også ut på TED, derfor kan det gå nokre dagar før dei kjem ut. Tilbodsfrist er sett til 17. oktober.<br>**AVSLUTTA** |
| 38/16 | Kontrollutvalet – Budsjett 2017/økonomiplan 2017 – 2019 | 25.08 | | Vedtak:<br>Tilrådd budsjett vart vedteke, og utvalet ba kontrollsjef om å sende budsjett og økonomiplan til FU for innarbeiding i fk sitt budsjett.<br><br>Vedtaket vart sendt til øk.sjef 290816<br>**AVSLUTTA** |
| 39/16 | Revisorbrev 03-2016 | 25.08 | 1. oktober 2016 | Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tek revisorbrev 03 – 2016 til orientering.<br>2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å sette i gang tiltak som er kravd for å følgje opp tilrådingar og oppmodingar i brevet, deriblant:<br>a. Få på plass gode rutinar som sikrar avstemming av kasse og bankkonti på skular og tannklinikkar.<br>b. Ferdigstille arbeidet med å få på plass eit anleggsregister som gjev tilstrekkelege opplysningar i samsvar med krava i regnskapsforskrifta § 8 og KRS nr. 9.<br>c. Sikrar at rentene knytt til spelemidlar kjem inn på rett konto ved utgangen av året.<br>3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen rapportere status på arbeidet innan 1. oktober 2016 til SF revisjon IKS med kopi til kontrollutvalet.<br>Vedtaket vart sendt til fylkesrådmannen med kopi til løns- og rekneskapsjef 300816. |
| 40/16 | Plan for forvaltningsrevisjon – Overordna analyse - prioritering | 25.08 | | Vedtak: |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 1. Overordna analyse vert godkjent med dei prioriteringane som kom fram i møtet<br>2. Kontrollsjefen får i oppdrag å utarbeide Plan for forvaltningsrevisjon til neste møte i kontrollutvalet.<br>**AVSLUTTA** |
| 41/16 | Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 – overordna analyse - prioritering | 25.08 | | Vedtak:<br>1. Arbeidsdokument 1 til overordna analyse vert godkjent med dei prioriteringar som kom fram i møtet<br>2. Kontrollsjefen får i oppdrag å utarbeide Plan for selskapskontroll til neste møte i kontrollutvalet.<br>**AVSLUTTA** |
| 42/16 | Oppfølgingsliste 5-2016 | 25.08 | | Vedtak:<br>1. Oppfølgingsliste 5-2016 vert teken til vitande.<br>**AVSLUTTA** |
| 43/16 | Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 | 07/10 | | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:<br>1. Fylkestinget vedtek Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 slik den ligg føre.<br>Saka er sendt til FT-handsaming. |
| 44/16 | Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 | 07/10 | | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:<br>1. 1. Fylkestinget vedtek Plan for selskapskontrol l 2016 – 2020 med endringa i punkt 2.<br>2. 2. Selskapskontroll vert utført i denne prioriterte rekkjefølgja<br>1. Overordna eigarstyring<br>2. Sogn og Fjordane Teater LL<br>3. Trivselshagen IKS<br>4. VIGO IKS<br>Saka er sendt til FT-handsaming. |
| 45/16 | Oppfølgingsliste 6-2016 | 07/10 | | Vedtak:<br>1. Oppfølgingsliste 6 - 2016 vert teken til vitande. |
| 46/16 | Skriv, meldingar og orienteringar 7.oktober 2016 | 07/10 | | Vedtak:<br>1. 1. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS<br>a) Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune *Deloitte melder om at prosjektet vert forseinka på grunn av e - postar som ikkje har kome fram som følgje av spam - filter i fleire kommunar. Rapporten vert sendt til høyring i slutten av oktober .*<br>2. *Orientering etter* representantskapsmøtet i Trivselshagen IKS v/Klaus *Orienteringa vart teken til vitande.*<br>**AVSLUTTA**<br>3. Tertialrapport 2/2016 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | *Tertialrapport 2/2016 vart teken til orientering.*<br>**AVSLUTTA**<br>4. Ny kommunelov – N OU 2016: 4 – Høyringar<br>*Høyringane vart tekne til orientering.*<br>**AVSLUTTA**<br>5. Orientering frå leiar og kontrollsjef<br>*a.* Kontrollsjef orientert om generalforsamling i F1 Holding 28.06. 2016. *Orienteringa vart teken til vitande.*<br>b. NKRF arrangerer kurs i offentlege anskaffelser 25 . – 26 . oktober. Kontrollutvalet vedtok at leiar i utvalet i tillegg til kontrollsjef skal delta på kurset.<br>c. Nestleiar i utvalet, Odd Atle Stegegjerdet deltek på eit kurs i Styrekompetanse 1, eit desentralt BI - kurs. Kontrollutvalet vedtok å dekke utgifter til re ise, opphald og studiemateriell. Odd Atle Stegegjerdet var inhabil og deltok derfor ikkje i handsaming av sak 46/16, pkt. 5 c .<br>d. Leiaren i utvalet orienterte om mottatt epost frå Stein Malkenes, MDG. Leiar svarer Malkenes med vedtak i sak 47/16.<br>**AVSLUTTA** |
| 47/16 | Forvaltningsrevisjon – Anskaffing av advokat- og rådgjevingstenester i «Fjord1-saka» | 07/10 | | Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:<br>1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av anskaffinga av advokat - og rådgjevingstenester i Fjord1 - saka til etterretning.<br>2. Etter gjennomgang og vurdering av opplysningar i saka opp mot reglane for offentlege anskaffingar er det Fylkestinget si vurdering at Sogn og Fjordane fylkeskommune, ved fylkesrådmannen, har kjøpt tenester frå både DHT og Wiersholm utan at reglane for offentlige innkjøp er følgt. Fylkestinget meiner at dei overordna føresegnene i Lov om offentlege anskaffingar §5 er broten i 6 av 7 tilfelle, og at brot på forskrift om offentlege anskaffingar, og gjennom dette ulovleg direkteanskaffing, er gjennomført ved engasjering av Wiersholm i samband med « Juridisk |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | bistand med lovlegkontroll, jf. kommuneloven § 59 »<br>3. Fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre forvaltningsrevisjon av innkjøp der det vert lagt vekt på vurdering av rutinar, kompetanse, konkurranseutsetting og kontrollaktiviteter ved fylkeskommunale innkjøp i forhold til gjeldande lov - og regelverk.<br>Saka er sendt til FT-handsaming. |

Oppdatert 12.10.2016